


Ørskog kommune



Heimetenestene
Ørskog

TENESTEOMTALE

for

Heimesjukepleie

Heimesjukepleie er eit tilbod til personar som av ulike grunnar treng hjelp til personleg hygiene, administrasjon av medikament og andre sjukepleiefaglege prosedyrar i heimen i samsvar med helse- og omsorgstjenestelova § 3-2, punkt 6, bokstav a).

Det kan bli gitt tilbod om hjelp til:

- Personleg hygiene, hjelp til å stå opp og legge seg
- Hjelp til dusj / bad inntil ein gong pr. 14 dagar.
- Stell og pleie av alvorleg sjuke og døyande.
- Administrere medikament etter ordinasjon frå lege.
- Hjelp og råd med ernæring
- Skaffe medisinsk forbruksmateriell.
- Opptrening, opplæring og vedlikehald av funksjonar – «hjelp til sjølvhjelp»
- Blodprøver og andre aktuelle prøver i heimen (Dersom ein ikkje kan reise til legekantoret).
- Få utført sårstell og liknande i heimen. (Dersom ein ikkje kan reise til legekantoret)

Ein person har ikkje rett til heimesjukepleie dersom:

- Han/ho utan større problem kan klare seg sjølv eller få utført dei same tenestene ved legesenter, frisør eller fotpleiar.

Omtale av tenesta

Målgruppe

Personar som bur eller oppheld seg i Ørskog kommune og som på grunn av nedsett funksjonsevne, sjukdom eller skade treng hjelp.

Kriterium

Individuell vurdering. Hjelpa er tidsavgrensa og vert vurdert fortløpande.

Pris

Det skal ikkje betalast eigenandel for slike tenester.

Kontaktinformasjon

Heimetenestene v/ einingsleiar Kari Sjøholt, e-post – kari.sjoholt@orskog.kommune.no
6240 Ørskog, tlf. 70 27 38 02

Søknadsprosess

Rettleiing

1. Søkjar fyller ut og underteiknar søknadsskjema. Ved prekært hjelpebehov kan det bli ytt hjelp omgåande og vedtak vert gjort i etterkant.
2. Søkjar fyller ut og underteiknar søknadsskjema.
3. Søknadsskjema skal sendast til Heimetenestene v/ einingsleiar, Steinholtvegen 6, 6240 Ørskog.
4. Tilsette frå Heimetenestene vil ta kontakt for å avtale eit vurderingsbesøk, der eventuelle tilleggsopplysningar kan innhentast, og IPLOS registerkort vert gjennomgått for å sikre at rett funksjonsnivå er registrert.
5. Søkjar vil få skriftleg svar straks søknaden er handsama i vedtaksnemnda.

Søknadsskjema

Søknadsskjema får ein ved å kontakte Sørviskontoret, tlf. 70 16 59 00, Heimetenestene eller ved å laste ned skjema her: <http://www.orskog.kommune.no/sjolvbetening/>

Handsaming

1. Heimetenestene mottok søknaden om Heimesjukepleie.
2. Vurderingsbesøk vert avtalt og utført.
3. Søknaden vert handsama på første vedtaksmøte. Nemnda held møte kvar 2. tysdag i månaden.
4. Svar på søknaden vert sendt søkjar rett etter at vedtaket er gjort.
5. Vedtak er basert på den einkilde sitt behov og skal innehalde opplysningar om søknaden vert imøtekomen heilt eller delvis.
6. Vedtaket vert sett i verk.

Klage

Vedtaket kan påklagast innan ein frist på tre veker frå svar er motteke.

Klaga skal sendast til Heimetenesten v/ einingsleiar, Steinholtvegen 6, 6240 Ørskog.

Søkjar skal grunngje kva ein ønskjer å endre i vedtaket. Kommunen vil kunne gje rettleiing.

Søkjar har rett til innsyn i alle dokumenta som gjeld saka.

Dersom vedtaket vert uendra etter ny handsaming, vert klagen sendt vidare til Fylkeslegen frå vedtaksnemnda.

Serviceerklæring

Kva kan du forvente av tenesteytar:

- At brukar får den hjelpa som er skildra i vedtaket.
- At brukar og hans familie vil bli møtt med respekt.
- At personalet er underlagt teieplikt.
- At tenestene kjem til avtalt tid, dersom ikkje anna er varsla.
- At tilbod om hjelp kan reduserast når brukar har besøk.

For at vi skal kunne oppfylle dette forventar vi at (du = brukar av tenesta)

- Vegen til bustaden er framkommeleg for bil heile året.
- At hjelpar vert møtt med respekt.
- Utstyr og forbruksmateriell er tidsmessig og i orden.
- Det vert gitt beskjed dersom du ikkje er til stades ved avtalt tid.
- Det vert berre ytt hjelp når brukaren er til stades.
- Du er villig til å installere nødvendige hjelpemidlar som er til nytte for deg og/eller

- hjelparen din.
- At personalet ikkje vert utsett for røyking – det vert lufta før tenesteytar kjem.
 - Du som brukar av tenesten har alle forplikingar m.h.t ev. husdyr. Du kan bli bedd om å halde desse på avstand når tenesteytar er til stades.
 - Du aksepterer at dei som yter heimehjelp er omfatta av Arbeidsmiljølova, og skal ha eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i sitt daglege arbeid.

Lover og retningsliner

Lover

Helse- og omsorgstjenestelova § 3-2, punkt 6, bokstav a).

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=lov om kommunale helse og#KAPITTEL_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=lov%20om%20kommunale%20helse%20og%20KAPITTEL_3)